ALVER
KOMMUNE

Skarsvåg Rør Og Interiør As
Melandsvegen 15
5919 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:QFWWJ5-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 21.06.2022 |
| Vår: 22/4860 - 22/47916 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Godkjent rørleggarmelding - gbnr 342/139 Eikeland

Me viser til røyrleggarmelding motteke 14.06.2022 med vedlagd situasjonsplan(VA-kart)

| | |
| --- | --- |
| **Adresse byggeplass:** | Eikelandsvegen 126 – GBNR 342/139 |
| **Type bygg:** | Eksisterande einebustad |
| **Type arbeid:** | Tilknytning kommunalt avløp – abonnent på kommunalt vatn frå før |

## Røyrleggjarmeldinga er godkjend på følgjande vilkår:

**Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, tekniske og administrative bestemmelsar.**
Stikkleidningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om tilknyting, kap.2.1. Adm.bestemmelsar. Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelsar.

**Tilknytingsgebyr:**
Gebyr vil bli fakturert etter gjeldande satsar. Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Røyrleggjarfirma pliktar å undersøkja dette før oppstart.

**Søknadsplikt etter plan og bygningslova:**
Tiltaket kan vera søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dette må avklarast med byggesak. Ev. gebyr for handsaming etter plan og bygningslova følgjer av gjeldande gebyrforskrift

**Utkopling av slamavskiljar:**
Etter avtake med Miljø og tilsyn sett vi følgjande krav til utkopling av anlegg. Anlegg som er i betong skal sluttømmast, reingjerast og fyllast igjen med pukk. Nytt avløp skal leggast utanom anlegget. Anlegg i plast skal sluttømmast, fjernast og leverast til godkjent mottak.

Dokumentasjon på utføring skal leggast ved ferdigmeldinga.

**Tilknyting kommunalt avløp:**

Avløp skal knyttast på eksisterande stikkleidning som, i følgje røyrleggar, er lagt inn på tomta. Dersom denne stikkleidninga ikkje kan nyttast og ein må knytte avløp direkte på kommunal avløp, skal det innhentast rett til å legge privat avløpsleidning over annan manns grunn. Ved denne løysinga skal tinglyst avtale leggast ved ferdigmeldinga.

**Ferdigmelding:**
Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa røyrføring frå bygg til tilkopling offentleg leidning.

Av omsyn til kunde er det viktig at ferdigmeldinga vert sendt inn straks arbeidet er utført. Dette for å unngå etterfakturering av kommunale gebyr.

**Hugs at søknad om godkjend ferdigmelding må sendast inn i god tid før ein skal søkja om midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest.**

**Endring av tilknyting til kommunalt vatn/avløp**
Alle endringar i ettertid, som medfører vesentlege endringar i vassforbruk eller utslepp, krev løyve frå kommunen, og skal omsøkjast. Søknad skal skje på røyrleggjarmelding KF-570.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen<br>Avdelingsleiar | Linda Hammersvik Folkestad<br>Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vadim Ivanov | Eikelandsvegen 126 | 5917 | Rossland |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Skarsvåg Rør Og Interiør As | Melandsvegen 15 | 5919 | FREKHAUG |